



STATNETT OSLO HOVEDKONTOR
Postboks 4904 Nydalen
0423 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sondre Kaastad Sørsdal, 5557 2304

Løyve etter forureiningslova til utfylling i Vassbygdevatnet - Statnett SF i Aurland kommune

Statsforvaltaren gjev Statnett SF løyve til utfylling av eit område på ca. 2 500 m² i Vassbygdevatnet i Aurland kommune.

Utfyllinga skal skje bak siltgardin. Tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålar med ein alarmgrense på bakgrunnsverdi + 15 NTU/FNU.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad frå Statnett SF om løyve etter forureiningslova til utfylling i Vassbygdevatnet datert 10. september 2022.

Om søknaden

Statnett søker om løyve til utfylling av ca. 5 000 til 9 000 m³ massar i Vassbygdevatnet, del av Aurlandsvassdraget, over eit areal på 2 500 m² for å oppgradere Aurland I koplingsanlegg



Figur 1. A6 og A13 plassering av utfylling i Vassbygdevatnet (omriss markert i raudt)



NVE gav 11 november 2022 anleggskonsesjon¹ til Statnett for utviding av Aurland 1 koplingsanlegg. Konsesjonen inkluderer ein utfylling i Vassbygdevatnet.

Det er eit areal på ca. 2 500 m² som skal fyllast ut. Det skal nyttast tilgjengelege stadeigne massar frå ur, eller lokalt utsprengd berg.

Vassbygdevatnet er ein del av det regulerte Aurlandsvassdraget, der det går laks, aure, og sjøaure, så partikkelspreiing frå utfyllinga vil vere ugunstig for fisk og yngel. Det er planlagt å bruke siltgardin som avbøtande tiltak mot partikkelspreiing.

Det er planlagt å sortere ut synleg plast frå utfyllingsmassane. Resterande plastrestar vil flyte opp innanfor siltgardina og levert til godkjent mottak

Arbeida er planlagt å starte 1. kvartal 2023, ein periode på året der det er lite aktivitet mht. smoltutvandring og gytevandring.

Det er ikkje gjort kjemiske analysar av sjøbotnen, men analyser frå ca. 10-50 meter innafør utfyllingsområdet viser lite til ingen forureining.

Høyring

Søknaden er sendt på høyring til Aurland kommune, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Aurland elveeigarlag. Frist for å gje eventuelle merknadar var 27. oktober 2022.

Aurland kommune (19. oktober 2022)

Attgjeving av uttale:

«Vassbygdevatnet er avsett til LNF-område i sjø og vassdrag i arealdelen av kommuneplanen (KPA) for Aurland kommune, også den delen av vatnet kor det søkjast som utfylling.»

Vassbygdevatnet er avsett til LNF-område i sjø og vassdrag i arealdelen av kommuneplanen (KPA) for Aurland kommune, også den delen av vatnet kor det søkjast som utfylling.»

NVE (11. november 2022)

NVE gav konsesjonen til tiltaket 11. november 2022 og skriv følgande i konsesjonen:

«Generelt mener NVE at fyllinger i vann bør unngås dersom det er mulig. Her er det likevel ikke registrerte naturverdier i det området som vil bli påvirket. NVE vurderer planene slik de er fremlagt til ikke å kreve noen ytterligere behandling etter bestemmelsene i vannressursloven. Vannressursloven har imidlertid flere alminnelige regler om vassdrag. Disse er gitt i vannressursloven kapittel 2, og gjelder for alle tiltak i vassdrag. NVE viser spesielt til aktsomhetsplikten i vannressursloven § 5 som pålegger at vassdragstiltak og tiltak som berører vassdrag skal planlegges og gjennomføres slik at de er til minst mulig skade og ulempe for allmenne og private interesser. NVE legger til grunn at fyllingen etableres på en måte som ikke påvirker områdestabiliteten»

¹ Oppgradering Aurland 1 stasjon - 202103095-45



Grunngeving for løyvet

Rettsleg utgangspunkt

Utfylling i vatn frå land krev løyve etter forureiningslova § 11 når det skjer på forureina botn og/eller kane påverke fiskeri og marint biologisk mangfald negativt. Statsforvaltaren er forureiningsstyremakt etter forureiningslova. Vi legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 "Handtering av sedimenter" for vår avgjerd. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og krav i vassforskrifta er lagt til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga etter forureiningslova

Avgrensing mot anna lovverk

Statnett SF fekk konsesjon til oppgradering av Aurland I koplingsanlegg, inkludert utfylling i Vassbygdevatnet, frå Norges vassdrags- og energidirektorat den 11. november 2022.

Vassforskrifta

Tiltak som gjev dårlegare miljøtilstand i ein vassførekomst er ikkje lov med mindre det kan gjevast unntak, jf. vassforskrifta § 12. I denne saken legg Statsforvaltaren til grunn at det vil vere eit midlertidig tiltak og at resipienten vil gjenopprettast når påverknaden stansar. Variasjonar i tilstanden til vassførekomst som følgje av anleggsarbeid kan det gjevast unntak for. Dette følger av rettleiing til vassforskrifta.

Fare for forureining og påverknad

Utfylling i vassdrag kan blakke vatnet og nedslamme kringliggande areal. Partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, og marint naturmiljø.

Naturmangfald

Vassbygdevatnet er ein del av det regulerte Aurlandsvassdraget. I vatnet er det laks (NT), aure og sjøaure.

Statsforvaltarens vurdering av søknaden og avbøtande tiltak

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftas § 36-2, som set krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningslova.

Tiltaket skal skje i eit regulert vassdrag. Utfylling i vassdrag kan få konsekvensar for laks og sjøaure, både som følgje av fysiske endringar på lokaliteten og effektar nedstraums. Påverknaden nedstraums gjeld særleg slam/partiklar frå utfyllingsmassar og oppvirvla sedimenter. Tiltrådd periode for arbeid i elveløp er perioden juli – september, medan det ikkje ligg rogn/yngel (immobile stadium) i grusen. Det er spesielt viktig å minimere forureininga til vassdraget nedstraums dersom arbeid skjer utanfor tilrådd periode.

Arbeida er planlagt starta 1. kvartal 2023. Det er planlagt å bruke siltgardin i utfyllingsområdet for å hindre/minimere partikkelforureining frå utfyllinga. Statsforvaltaren tar inn bruk av siltgardin som vilkår i løyvet. Vi legg til grunn at utføring av tiltaket må vere i tråd med beskrivne miljømål i søknaden.

Utfyllinga skal overvakast med turbiditetsmålar. Bruk av turbiditetsmålar og fastsetting av bakgrunnsverdi skal skje i samsvar med Norsk standard, jf. NS-9433:2017. Partikkelkonsentrasjonen skal utanfor tiltaksområdet skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 15 NTU/FNU i ein periode på



meir enn 30 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal arbeidet stogge, og dersom overskriding skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak.

Statnett skal ha ein plan for overvaking og kontroll for utfylling av massar i Vassbygdevatnet. Denne skal lagast i tråd med anbefalingar gjeve i rettleiar for handtering av sedimenter M-350/2018², og skal stette løyvets vilkår.

Vi har vurdert tiltaket etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Tiltaket vil føre til inngrep i eit fiskeførande vassdrag, og arbeidet kan påverke elva nedstraums. På gitte vilkår meiner vi tiltaket kan gjennomførast utan å påverke laksefisk i særleg grad.

Oppsummering

Statsforvaltaren meiner at med de avbøtande tiltak som krevst i løyvets vilkår, så vil man redusere risiko for spreining av partiklar og andre negative påverknader til eit akseptabelt nivå.

Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket er vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivaretatt ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Kravet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder for å avgrense skade på naturmangfaldet vil bli oppfylt når arbeidet vert utført i samsvar med vilkår i løyvet, jf. naturmangfaldlova § 12.

Vedtak

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling i vassdrag til Statnett SF. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. § 16, Løyve er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Gebyr for saksbehandling

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 7, 17 500 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret

Endring og omgjerung

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Endringar skal være basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. At det er gjeve løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56

² M350/2018 - Veileder for håndtering av sediment - revidert 25. mai 2018



Rett til å klage

De har fått løyve til utfylling i vassdrag. Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyrsats, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har mottatt dette brevet. Klagen bør være skriftleg grunna, og den skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyvets vilkår

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
AURLAND KOMMUNE
AURLAND ELVEIGARLAG

Postboks 5091	0301	OSLO
Majorstua		
Vangen 1	5745	AURLAND
c/o Lars Loven Låvi 20	5745	AURLAND



Løyve etter forureiningslova til utfylling i Vassbygdevatnet - Statnett SF i Aurland kommune

Statsforvaltaren gjev Statnett SF løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt til på grunnlag av opplysningar i søknad av 10. september 2022 .

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de gi beskjed til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Statsforvaltarens referanse

Løyvenummer	Anleggsnummer
2022.0964.T	4641.0032.01

Bedriftsdata

Bedrift	STATNETT SF
Postadresse	PB 4904 Nydalen, 0423 Oslo
Kommune og fylke	Aurland, Vestland
Org.nummer	974 798 395, tilhøyrar 962 986 633

Løyve første gang gitt: 28. november 2022		Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør		Sondre Kaastad Sørsdal rådgjevar

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Beskriving

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå tiltak i vassdrag utfylling i Vassbygdevatnet Aurland kommune.

Tiltaka i sjø omfattar:

- Utfylling i vassdrag av mellom 5 000 til 9 000 m³ sprengsteinsmassar over eit areal på 2 500 m². Utfyllinga vil skje frå land.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 10. september 2022 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendast minimum ei veke før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2. Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 2.5.

2.4 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid fyller ut, transporterer eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 2.3.

2.5 Beredskap

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter *Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining* fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

2.6 Ansvar

Verksemda er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Verksemda pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Verksemda pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.7 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Denne løyvet fritar ikkje for handsaming og/eller løyve etter annet lovverk som gjeld tiltaket.

3. Vilkår for utføring av tiltak i sjø

3.1 Generelt

Tiltaka i vassdrag skal utførast på en slik måte at finpartikulært materiale frå sjøbotn og frå utfyllingsmassar i minst mogleg grad blir spreidd.

3.2 Partikkelsperre

Det skal nyttast partikkelsperre utanfor tiltaksområdet for å unngå spreiding av partiklar og partikkelbunden forureining ut av tiltaksområdet. Det skal førast jamleg kontroll med partikkelsperre fungerer etter hensikta. Utfyllinga skal ikkje skje når partikkelsperre ikkje fungerer

Tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålar med alarmgrense på bakgrunnsverdi + 15 NTU/FNU. Dersom turbiditeten overstig bakgrunnsverdi + 15 NTU/FNU over ein periode på meir enn 30 minutt skal arbeidet stogge. Ved overskridingar av alarmgrense skal årsaksforholda vurderast. Dersom overskridinga skjer på grunn av deponeringa, skal arbeidet ikkje starte opp att før turbiditeten er nede på stabilt nivå under alarmgrense.

Dersom det førekjem gjentekne overskridingar av alarmgrense skal det utførast avbøtande tiltak, eksempelvis å tilføre ei ekstra partikkelsperre.

Bruk av turbiditetsmålar og fastsetting av bakgrunnsverdi jamfør NS-9433

3.4 Kontroll av utfyllingsmassar

For utfyllinga skal det nyttast mest mogeleg reine massar. Massene skal være egna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Plast skal plukkast ut før utfylling.

3.5 Oppsamling av avfall i vatn

Plastavfall m.m. skal samlast opp jamleg. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamling av eventuelt avfall i vatnet skal loggførast.

4. Avfall

Statnett SF plikter, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørge for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

Brukt partikkelsperre skal leverast til lovleg mottak.

5. Overvaking og kontroll, og rapportering til Statsforvaltaren

5.1 Plan for overvaking og kontroll

Det skal utførast kontroll og overvaking av tiltaka i vassdraget etter ein kontroll- og overvaksingsplan. Denne skal lagast i tråd med anbefalingar gjeve i Rettleiar for handtering av sedimentar M-250/2015, og stette løyvets vilkår.

Overvakinga skal vere tilstrekkeleg til å avdekke eventuell spreiring av forureining i samband med gjennomføring av tiltaka.

5.2 Sluttrapport

Statnett SF skal sende rapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- Omtale om korleis arbeidet er utført (metodar).
- Opplysningar om mengder masse som faktisk har blitt utfylt (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som ble satt i verk.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

6. Tilsyn

Statnett SF plikter å la representantar frå Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget når som helst.